



Statens vegvesen

ABO plan og arkitektur
Postboks 291
5203 OS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Kari Elster Moen - 55516115

Vår referanse:
2014/114826-020

Dykkar referanse:

Vår dato:
09.03.2015

Tilbakemelding etter møte 03.03.15 - og uttale til utviding av planområde - reguleringsplan for Johan Sverdrup oljerørledning - Austrheim kommune

Vi viser til møtet 3. mars der vi fekk presentert teknisk vegutforming i reguleringsplanen. Vi viser og til e-post med tilsendte C-teikningar C 002 og C 003. Vi viser og til melding om utviding av planområdet.

Uttale til utviding av planområdet

Statens vegvesen har ingen merknad til utviding av planområdet som er meldt i brev frå dykk datert 27.02.2015.

Generelt etter møtet 03.03.15

Vi forstår det slik at det er lagt til grunn U – H4 utbetningsstandard. Dette må samordnast med Statens vegvesen sitt planarbeid *reguleringsplan Lindås tettstad – Mongstad*.

Planprosjektlear hos oss er Tonje Vabø. Ettersom vårt prosjekt ikkje er finansiert, er det vanskeleg å seie noko om framdrifta. Vi meiner derfor det må knytast rekkefølgekrav til opparbeiding av rundkøyringa og undergangen. Dersom det er nødvendig pga. Statoil sine installasjonar i grunnen, bør også gang- og sykkelvegen byggast før tunnelarbeidet. Vi viser elles til vår uttale datert 23.01.15.

Kulvert under Keilenkrysset

På møtet vart det sagt at de ville søke fråvik frå standarden for kulverten. Vi meiner planen for kulverten må endrast før det vert søkt fråvik. Løysinga for stigning på rampe og sikta må forbetrast. Vi kan redusere siktkravet til ca 30 meter, men vi ser ikkje grunn til å fråvike kravet til stigning. Det er etter vår vurdering nok areal til å utvide eller forskyve/utvide kryss med kulvert nordover for å få plass. Det må settast av areal til trapp i reguleringsplanen innanfor området som er avsett til AVG (annan veggrunn grønt).

Busslomme

Busslomma må samordnast betre med kulverten. I tillegg bør det settast av meir areal til busshaldeplass. For utforming av haldeplass sjå Statens vegvesen si handbok V123, kap. 4.4 og 4.5. Vi meiner at løysinga vist i figur 12 er ei god løysing her (vist under). Dersom ein set

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

av 4,1 meter mellom venteskur og vegkant vil ein førebygge kollisjonar mellom dei som ventar på buss og dei som sykklar forbi.

Figur 12 viser busslomme langs gang- og sykkelveg med liten sykkeltrafikk. Løsningen kan gi konflikt mellom av- og påstigende passasjerer og syklende. Løsningen anbefales ikke der strekningen inngår i hovednett for sykkel, der det er mye sykkeltrafikk eller på strekninger med potensial for økt sykkeltrafikk.



Figur 12 Busslomme langs gang- og sykkelveg

Der det er mykje sykkeltrafikk vil ein rå til ei løysing der gang- og sykkelvegen vert lagt bak venteskuret, vist som figur 11 på side 18 i handboka. Etter vår vurdering er det ikkje behov for ei slik løysing her.

Gang- og sykkeltrafikk

Vidare bør det i reguleringsplanen leggest inn eit tilbod til mjuke trafikantar som kjem frå nord og går av på haldeplassen etter Keilenkrysset og som skal vidare inn i næringsområdet mot nord. Vi føreslår at det vert lagt inn fortau langs Keilevegen til avkjørsla til næringsområdet.

Tilkomst til pumpehus

Det vart stilt spørsmål til korleis ein skulle løyse tilkomsten til pumpehus langs vegen. Vår innstilling er at ein legg opp til at ein kan nytte gang- og sykkelvegen til dette. Vi ser det slik at det vil vere uaktuelt med ein eigen avkjørsel til dette frå fylkesvegen.

Vassdraget

Omsynet til vassdraget og spørsmål om skråning eller rekkverk må koordinerast mellom Johan Sverdrup prosjektet, Statens vegvesen og Fylkesmannen i Hordaland slik det var semje om i møtet.

Oppbygging av vegen

De har bede om tilbakemelding på oppbygging av vegen. I utgangspunktet viser vi til standardar for vegbygging. Ny veg bør fortrinnsvis leggest oppå dagens veg, slik at dagens vegkropp kan nyttast vidare utan å skiftast ut. Ein må gjere grunnboringar uansett i prosjektet, og det kan vere nyttig å gjere det i samband med planprosessen.

Plan- og forvaltningsseksjonen - Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Kari Elster Moen

Kari Elster Moen
overingeniør

Kopi: Austrheim kommune